



NORGES NATURVERNFORBUND
Mariboës gate 8
0183 OSLO

Kontakt saksbehandlar
Einar Heegaard, 51568872

Lokal/sentral høyring av framlegg til frivillig skogvern - Skurvedalen, Forsand kommune

Grunneigar i området Skurvedalen, gnr./bnr. 12/1 og 14/1 i Forsand kommune, Rogaland, har gjort avtale med staten om frivillig vern av skog. Fylkesmannen i Rogaland sender dermed framlegg til vernegrense og verneforskrift for Skurvedalen naturreservat på samordna lokal/sentral høyring. Dette er i samsvar med nasjonale retningslinjer for verneprosessar etter naturmangfaldlova. Frist for å uttala seg til høyringa vert sett til 24. mai 2019.

Bakgrunn

Ved Stortingsmelding nr. 25 (2002-2003) slutta Stortinget seg til Regjeringa si innstilling om ei kraftig opptrapping av skogvernet i Noreg. St.meld. nr. 25 trakk opp viktige prinsipp og satsingsområde for ei opptrapping av vernet. Dette er vidareført og styrka i St. meld. Nr 14 (2015-16).

I meldingane vert frivillig vern nemnt som hovudstrategi for det framtidige skogvernet i Noreg. Frivillig vern inneber at skogeigarane sjølv tilbyr staten vern av eige skogkledt areal. Formål med ordninga er å verne om eit representativt utval skog for framtida i Noreg, både vanleg og sjeldan/truga skog.

Fylkesmannen i Rogaland, etter tilbod frå grunneigarane i Skurvedalen, sender med dette ut framlegg om å oppretta Skurvedalen naturreservat.

Opprettinga av vern gjennom naturreservat er heimla i naturmangfaldlova § 34, jfr. § 37 og § 62. Føremålet med denne høyringa er å innhente synspunkt og kommentarar til det framlagte verneområdet med tilhøyrande verneforskrift. Miljødirektoratet har gjeve Fylkesmannen i oppdrag å utarbeide verneframlegget og har hatt det til fagleg gjennomgang før høyring.

Sakshandsaming



I brev av 29. august 2018 sende Vestskog, på vegne av grunneigarane på gnr/bnr 12/1 og 14/1 i Forsand kommune tilbud om frivillig vern til Fylkesmannen som vidareformidla dette til Miljødirektoratet.

Naturverdiane vart kartlagt av Bjørn Moe (Moe, Korsmo & Svalastog, 1991) og ved ekskursjon leia av O. Førland i 2016. Arter frå denne ekskursjonen vart bekrefte av John Inge Johnsen ved Fylkesmannen i Rogaland.

I samråd med Vestskog og Miljødirektoratet om grunnlaget for verneprosessen sende Fylkesmannen ut melding om oppstart av frivillig vern av skog 21. februar 2019. Fylkesmannen har motteke innspel på meldinga om oppstart, og desse er samanfatta i vedlagt notat.

Verneframlegget omfattar nå gnr.bnr. 12/1 og 14/1.

Fylkesmannen vil samanfatta den samordna høyringa, og sende si tilråding til Miljødirektoratet. Klima- og miljødepartementet vil så venteleg gje sitt framlegg til kongeleg resolusjon i statsråd.

Naturverdiar

Framlegget til Skurvedalen naturreservat utgjer øvre del av ein vestnorsk skogsdal knytt til fjordsystemet Lysefjorden. Sjølve framlegget strekker seg frå Beinafjellet nordvestover mot Sundmorkvatnet, vidare opp til toppen av Kuhaugen. Her knekker grensa mot sørvest til Holmaknuten og Tvaravatnet før den bøyer sør over Skurvedalen mot Songesandheia. Her går grensa nordvestover før den knekker nord og går rundt Songesandstølande til Beinafjellet. Området ligg mellom 350 og 820 m.o.h., og arealet utgjer om lag 2948 daa.

Føremålet med naturreservatet er å verne eit særreige skogsområde i øvre del av eit dalføre. Dei skogsøkologiske kvalitetane er store med eldre furu og boreal blanding skog. Det er stadvis mykje daudved, og dalen ber preg av lite hevd i lengre periodar. Det er eit rikt mangfald av artar i dalføret, og fleire av artane i område er sterk knytt til oseanisk sub-oseanisk klima, til dømes artar frå lungenever-samfunn, og fleire moseartar. Det er ein rik variasjon av treslag og ståande daud ved som gir god moglegheit for artar av insekt og fugl, som treng slike livsmedium innanfor sine territorium.

Området vil med sin plassering utgjere eit viktig komplimenterande tilskot til dei eksisterande furuskogreservata, og med eit rikt innslag av artar som krev oseaniske tilstand blir dette ein austleg utpost av kystfuruskog. Dette vil på sikt gje eit meir robust skogsmiljø med omsyn til biologisk mangfald regionalt. Området har uvanleg store friluftslivkvalitetar.

Andre tilhøve

Det er lite innslag av framande treslag i området og svært få inngrep av betydning.

Om lag 400 meter sør for verneavgrønsinga går det ei straumgate der Statnett SF har planar om utviding. Desse planane vil ikkje påverke verneområdet, slik dei er omtala i uttale til oppstartsmelding.

Landbrukshøve er blitt gjennomgått med omsyn til utforminga av forskrifta.

Praktisk om høyringa



Vedlagt følger framlegg til vernegrense på kart, framlegg til verneforskrift for naturreservat, og uttalar til oppstartsmeldinga for verneprosessen om Skurvedalen naturreservat.

Frist for å uttala seg til høyringa vert sett til **24. mai 2019**. Eventuelle fråsegn skal sendast til Fylkesmannen i Rogaland, miljøvernavdelinga, pb. 59, 4001 Stavanger. E-post kan også nyttast: fmropost@fylkesmannen.no.

Med helsing

Per Kristian Austbø
ass. fylkesmiljøvernssjef

Einar Heegaard
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg

- 1 Framlegg til forskrift om vern av Skurvedalen naturreservat
- 2 Framlegg til vernekart for Skurvedalen naturreservat
- 3 Merknader frå melding om verneprosess for Skurvedalen naturreservat

Adresseliste:

STATSKOG SF	Postboks 63 Sentrum	7801	NAMSOS
STATKRAFT SF	Postboks 200 Lilleaker	0216	OSLO
NORGES JEGER OG FISKERFORBUND ROGALAND	Gamle Jåttåvågen 67	4020	STAVANGER
NORSK BONDE- OG SMÅBRUKARLAG	Akersgata 41	0158	OSLO
NORGES SKOGEIERFORBUND	Postboks 1438 Vika	0115	OSLO
NINA - Norsk institutt for naturforskning	Postboks 5685 Torgard	7485	Trondheim
SKOGSELSKAPET I ROGALAND	Pedersgata 32C	4013	STAVANGER
NVE Norges vassdrags- og energidirektorat	Postboks 5091 Majorstuen	0301	Oslo
Norsk Ornitologisk forening avdeling Rogaland	Skogsbakken 9	4319	SANDNES
Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet NTNU	Høgskoleringen 1	7034	TRONDHEIM
NORGES JEGER OG FISKERFORBUND	Postboks 94	1378	NESBRU
STIFTELSE WWF VERDENS NATURFOND	Postboks 6784 St Olavs Plass	0130	OSLO
Statnett SF	Postboks 4904 Nydalen	0423	OSLO
Rogaland Bondelag	Postboks 278	4002	Stavanger
NORSK ZOOLOGISK FORENING - ROGALAND	c/o Jan Stenløkk Kyrkjeveien 10	4070	RANDABERG



NORSK INDUSTRI	Sunde 100	4993	SUNDEBRU
NORSK BIOLOGFORENING (BIO)	Postboks 1066 Blindern	0316	OSLO
Norges geologiske undersøkelser (NGU)	pb. 6315 Torgard	7491	TRONDHEIM
Landbruksdirektoratet	Postboks 8140 dep.	0033	OSLO
Kommunal- og moderniseringsdepartementet	Postboks 8112 Dep.	0032	Oslo
Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard	Postboks 3021 Lade	7441	TRONDHEIM
Severin Myrbakken	Opphusveien 99	2450	
NORSK ZOOLOGISK FORENING	Postboks 6731 Etterstad	0609	OSLO
NORSK BOTANISK FORENING AVD. ROGALAND	c/o Svein Imsland Gjerdehagen 58	4027	STAVANGER
NIBIO, Norsk institutt for bioøkonomi	pb. 115	1431	ÅS
Vestskog SA			
Rogaland fylkeskommune	Postboks 130	4001	Stavanger
NORSK BOTANISK FORENING	Postboks 1172 Blindern	0318	OSLO
	Naturhistorisk museum		
HAUGALAND KRAFT NETT AS	Postboks 2015	5504	HAUGESUND
Forsvarsbygg	pb. 405 sentrum	0103	OSLO
Bertel Fossmark	Svilandveien 123	4337	Sandnes
UNIVERSITETET I STAVANGER	Postboks 8600 Forus	4036	STAVANGER
Statens vegvesen, Region Vest	Askedalen 4	6863	Leikanger
SABIMA	Mariboës gate 8	0183	OSLO
NORSK ORNITOLOGISK FORENING	Sandgata 30B	7012	TRONDHEIM
NORGES BONDELAG	Postboks 9354 Grønland	0135	OSLO
Miljødirektoratet	Postboks 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM
Lyse Elnett AS	Postboks 8124	4069	Stavanger
Luftfartstilsynet	Postboks 243	8001	BODØ
Forsand kommune	Fossanvegen 380	4110	Forsand
Avinor AS	Postboks 150	2061	GARDERMOEN
SPRÅKRÅDET	Postboks 1573 Vika	0118	OSLO
NORGES NATURVERNFORBUND	Mariboës gate 8	0183	OSLO
NORGES MILJØVERNFORBUND	Postboks 593	5806	BERGEN
NORGES MILJØ- OG BIOVITENSKAPELIGE UNIVERSITET (NMBU)	Postboks 5003	1432	ÅS
Klima- og miljødepartementet	Postboks 8013 Dep.	0030	Oslo
Kartverket	pb. 600 sentrum	3507	HØNEFOSS
Friluftsrådet Vest	pb. 63	5575	Aksdal